

Sunnfjord Ungdomslag

25 aar
(1898—1923)



Utgjevar:
Sunnfjord Ungdomslag

Ei lita utgreiding um $\frac{1}{4}$ Firda og Sygna Herbyrge.

Hausten 1911 kom det spurnad fraa C. B. Bugge, um laga i Fjordane vilde vera med aa kjøpa Strandgata 53, i Bergen, og aa drive matstove og herbyrge der, saman med Norsk Herbyrge. Norsk Herbyrge hadde nokre aar leigt dette huset og drive herbyrgeverksemd der. Det hadde gjenge godt; men no skulde huset seljast. Formannen i Norsk Herbyrge, Bugge, hadde fenge det paa hand ein maanad.

Denne spurnaden vart lagd fram for eit styremøte i Sunnfjord ungdomslag, i Askvoll ^{17/12}-1911. C. B. Bugge møtte der og greidde ut um spursmaalet. Huset kostø kr. 125,000. Til aa reisa desse laut det kausjon til 12,000, dei andre kunde ein faa laana mot pant i huset. Dessutan laut ein hava husbunad og innreidnad til drifta. Det var tanken aa yvertaka det som var etter Norsk Herbyrge for kr. 10 000, og aa faa desse pengane paa den maaten, at ein skipa drifta som lutlag og desse kr. 10 000 som lutmidel, skift i 10-krunes lutar. Dei laga som vart med laut faa til rettes denne lutmidelen.

Dei som var tilstades paa dette møtet, totte dette var eit vaagelegt tiltak. Det galt mange pengar. Og laga kunde liten og ingen vaagnad taka. Dessutan var eit slikt tiltak so framandt, og det var ikkje greidt for landsfolk aa skyna seg paa byverksemd. Men dei skyna det, at skulde dei vera med, laut dei taka andsvaret sjøive. Det hadde vel helst vorte svara nei til tilbodet, hadde ikkje Ragnar Melvær vore der. Han tala so vitugt um saka, og lovde aa taka ein stor lut av garantien sjølv. Enden vart at dei vilde freista faa det til; og det vart valde nokre til eit sammøte med Firda ungdomslag og Firda maalag, i Maaløy 31. desember 1911. Til dette møte kom berre ein mann fraa Firda ungdomslag. Og han hadde heller ikkje fullmakt aa binda laget til noko vedtak; men i millomtida hadde Sunnfjordingane fenge garanti for mesteparten av dei pengane det galt um. Og der kom bod fraa formannen i Firda ungdomslag, at han og nokre einskildlag i Firda garanterte for noko.

No vart huset kjøpt. Stemmenemda for Sogns ungdom fekk tilbod um aa vera med. Paa eit møte i Bergen 6. april 1912, møtte sendemenn fraa dei 5 lagsstyra: Firda ungdomslag, Firda maallag, Sunnfjords ungdomslag, Sogns ungdomslag (Stemmenemda) og Norsk Herbyrge. Der vart lutlaget skipa og fekk namnet Firda og Sygna Herbyrge. — Fyremaalet for lutlaget var aa drive Herbyrge og skytningsstoveverksemd, og med det aa gjeva dei 5 laga, som var med, middel til fremjing av sine fyrelogor. — Lutlaget skulde styrast av 5 mann. Styret i dei 5 laga skulde velja kvar sin. Paa aarsmøta skulde kvart lag ha rett aa møta med 3 mann (styresmannen og tvo sendemenn). Kwart lag skulde faa til rettes kvar sine kr. 2000 av lutmidelen. Av driftsyverskotet skulde luteigarane hava upp til 6 %. Vart det noko att, skulde fyrst høveleg undanetling verta gjord, og resten delast likt millom dei 5 laga.

So var det aa teikna lutmidelen. Det var meininga at dei ein-skilde ungdomslag og lagsfolk, skulde taka desse lutane. Men det gjekk traadt, serleg for oss Sunnfjoringar som fekk Firda maallag sine lutar og dragast med og. Men ein fekk daa teikna yver halvdeilen, resten laut nokre einskildmenn taka paa seg. No hev daa desse seinare vorte innløyste av fylkeslaga.

Firda og Sygna Herbyrge tok til med drifta 1. januar 1913. Huset kosta med innreidnad og umbygging umlag kr. 142 000. Det fyrste driftsaaret hadde eit yverskot paa umlag kr. 3 000. Sidan hev det auka jamt, til det for nokre aar sidan naadde høgda med kr. 27 000.

At det hev gjenge so godt med drifta, er serleg dei som hev vore husmøder aa takke. Frk Helga Henjum styrde til 1917. Det auka jamt framyver i hennar tid. Ho fekk forretninga godt upparbeidd, og huset hadde godt ord paa seg. Etter frk. Henjum vart frk. Elisa Øvrelid husmor og er det enno. Det hev ikkje gjenge mindre godt under hennar styre.

1916 vart Strandgata 53 seld for kr. 250 000, men soleis at me hev den same forretninga der endaa, og betalar aarleg husleige.

Same aaret kjøpte lutlaget att Smeby hotel, Strandgata no. 107, 108, 120, for kr. 280 000, og tok til med herbyrgeverksemd der og. Det gjekk ikkje sers godt dei fyrste aara. Ei kaffistova vart innreid i huset paa øvre sida av gata og fekk namnet



Elisa Øvrelid.
10 aar styrar av Firda
og Sygna Herbyrge.

Firdastova. Seinare vart husa paa øvre sida utskilde som eiga forretning og fekk namnet Firdaheimen. No tok det til aa gaa bra. Frk. Ida Asperheim hev vore husmor der til nyleg. Huset paa nedre sida no. 107, vart selt fraa i 1920.

Det er ikkje so lite pengar som hev vorte bytte ut millom dei 5 laga, aar um anna. Firda og Sygna Herbyrge hev og vore med og studdt fleire tiltak med pengar. Dei hev teke luter i Gula Tidend for kr. 35 000, for kr. 100 000 i Landsbanken. Hjelppte „Bladmannaskulen“ i Bergen med pengar. Var med og kjøpte Bondi og Sollys i Asker til lærarhøgskulen aat Høverstad. Hev sett pengar i utgjevinga av den Norske Bibelen o. s. b.

Det ser ut til no, at lutlaget misser mesteparten av desse pengane; men dei hev daa vore gjevne i god meining og hev vel gjort god nytte og.

S. Eikenes.